

| | |
|---|--|
| <p>Saksliste 19.10.2023</p> | <p>Referent: Kjetil Tjore, Ordstyrar: Reidar Øksnes</p> |
| <p>Frammøtte:</p> | <p>Frå Administrasjonen: Kjetil Tjore. Frå faglaga: Linda Syslak, Per Kristian Løvmo. Politisk representant: Reidar Øksnes</p> |
| <p>1. Godkjenning av innkalling og saksliste</p> | <p>ok</p> |
| <p>2. Innspel til budsjett</p> | <p>Budsjettinnspel frå landbruksfagrådet</p> <p> Dette møtet i landbruksfagrådet var kalla inn til for å gje innspel til budsjettet for 2024, og økonomiplanen for 2024 til 2027. Det skal lysast ut midlar for inneverande år med søknadsfrist tysdag 7. november 2023, dette har det gått ut informasjon om til bønder i kommunen, og det vert også publisert på nettsida. No gjeld det innspel til kva som vil bli lyst ut i 2024. </p> <p> Det vart etterlyst oppsett frå landbrukskontoret, kva midlane har vore nytta til tidlegare, og kva resultat det har gitt for biosfæreområdet og til arbeidet med opne landskap. Dette var ikkje på plass til møtet, men det har i grove trekk blitt brukt til inngjerding, grøfting, tilrettelegging av areal og beiting. Dette er kommunen sine egne argument/slagord, og er viktig å bruka i innspelet. Med «Opne landskap – Ope sinn» er landbruket ein del av kommunen sin identitet. I tillegg er opne landskap også eit viktig brannførebyggande tiltak, og slik kan landbruket vera med på å hjelpa til med det arbeidet kommunen har starta med for rydding av kratt og skog kring bustadområde. Landbruksveggar og drift vil hjelpa ved den generelle brannberedskapen, ved at det vert mogleg å komma deg fram med maskiner dersom det brenn i terrenget. Det er ikkje alle stader ein kan komma fram med brannbåt, og det er ikkje alltid helikopter er tilgjengeleg eller kan brukast. Ved brannsituasjonar kan aktive bønder også vera med i arbeidet sidan dei har både tankvogner og traktorar som kan trekka desse i meir kupert terreng enn det brannbilen kan forsera. Dei retningslinjene som er lagt til grunn for denne utlysinga i oktober/november vert tekne med i innspelet rådet gjev til budsjettet for 2024. Den dokumentasjonen som trengst for bruk av tidlegare midlar og landbruksproduksjonen i kommunen må leggast ved av felles landbrukskontor. </p> |

| | |
|--|---|
| | <p>Landbruksfagrådet vil spela inn at løyvinga bør aukast til 500.000 kroner i 2024, for å komma i møte den generelle auken i kostnadsnivået for bøndene i kommunen, og for at Austrheim som kommune skal nå dei måla som er sette for landbruk.</p> <p>Det lokale landbruket er ein del av matforsyninga i Norge, landet er ikkje sjølvforsynt per i dag, og bidraget frå denne kommunen sikrar at denne utviklinga ikkje forverrar seg. Dette med matproduksjon er det sentrale med å oppretthalda eit aktivt landbruk i Austrheim, og gjerne auka aktiviteten, slik at ein kan halda fram med å produsera mat på ein berekraftig måte.</p> <p>Det er mogleg å auka produksjonen i kommunen ved hjelp av nydyrking, og det er mogleg å få til ei betre utnytting av matjord som må flyttast på grunn av industriutvikling. Både dyrking av heilt nye område, og forbetring av eksisterande landbruksområde med drenering eller liknande, er kostbart og krev støtte for å bli gjennomført.</p> <p>Fleire bønder har teke i bruk ny teknologi, som radiobjøller og No Fence-system for beiting, men denne typen teknologi er dyr i startfasen og det er viktig med støtte for å komma i gang med dette.</p> <p>Det å ha denne typen midlar å søka frå er viktig for å oppretthalda eit miljø for landbruk, der dei eksisterande produsentane kjenner at dei vert sette pris på, og snakkar fram både kommunen og yrket. Landbruket har ei oppleving av at det er ei positiv framtidsutsikt mellom mange bønder i dag. Det er i dag berre to attverande mjølkeprodusentar i Austrheim, men det er ein del nye som har starta med sau.</p> <p>Austrheim har eit årvisst arrangement i Landbruksdagen, eit arrangement som samlar mykje folk og som profilerer kommunen på ein god måte.</p> <p>Det å oppretthalda landbruket i kommunen vil vera med på å både halda på busetnad og innbyggjarar, og dei som driv landbruk som biinntekt har også anna arbeid som gjev skatteinntekter til kommunen.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Landbruksfagrådet vil spela inn at løyvinga bør aukast til 500.000 kroner i budsjettåret 2024, for å komma i møte den generelle auken i kostnadsnivået for bøndene i kommunen, og for at Austrheim som kommune skal nå dei</p> |
|--|---|

Referat frå landbruksfagrådet 19.10.2023

| | |
|-------------------------------|--|
| | måla som er sette for landbruk. |
| 3. Evt | |
| 4. Sakliste neste møte | Planlegge bondekveld i Kielstraumen 23.november |